



Dykkar ref:  
Vår ref:  
Dato: 09.04.2014  
Org.nr: 985399077

## RISIKOVURDERING FOR TAP AV BEITEDYR MED VARSEL OM VEDTAK

Mattilsynet DK Gudbrandsdal syner til tal frå organisert beitebruk for åra 2011, 2012 og 2013 som viser oversikt over tap av søyer og lam i beitesesongen.

### Saka gjeld

### Hovudintrykk

Dei samla tapa dei tre siste beitesesongane har vore høge. Dette syner at dei førebyggjande tiltaka som har vore sett inn for å hindre tap på beite, ikkje har gjeve tilfredsstillande resultat.

### Vi har derfor sett det nødvendig å varsle følgjande vedtak:

#### Varsel om vedtak om pålegg

må setja i verk tiltak i beitesesongen 2014 som gjer at dei totale tapa (søyer + lam) i besetninga kjem under 10%.

Varsalet er gitt med heimel i forskrift om velferd for småfe § 26 Forebyggjande tiltak jf. dyrevelferdslova § 24 første ledd bokstav b om tilsyn og stell.

#### Vi har observert:

Tal frå organisert beitebruk syner at du har hatt ein tapsprosent på over 10% i 2013 og ein gjennomsnittleg tapsprosent dei siste tre beitesesongane på over 10% samla for søyer og lam. Tapa i 2013, 2012 og 2011 var på høvesvis 15,9%, 12,7% og 19,3%.

#### Mattilsynet vurderer dette slik:

I forskrift om velferd for småfe står det i § 4 m.a. at: «Småfe skal beskyttes mot fare for unødig lidelse.» Vidare står det i § 26 at: «Dyr som ikke holdes i bygninger skal, når det er nødvendig og mulig, beskyttes mot rovdyrangrep, helsefare, underernæring, trafikkskader m.m.»

Dei store tapa på utmarksbeite over fleire år er ikkje i tråd med § 4 og § 26 i forskrift om velferd for småfe. I ditt tilfelle er det god grunn til å tru at dei store tapa i hovudsak skuldast rovdyraktivitet og da fyrst og fremst jerv. Beiteområdet ligg i forvaltningssona for jerv i Oppland fylke. Det vart i beiteområdet i 2013 funne mange kadaver der jerv var skadeårsak. Det har skjedd lite uttak av jerv sidan siste beitesesong. Vi trur derfor at rovdyraktiviteten komande beitesesong ikkje blir mindre.

Mattilsynet si retningsline «Tilsyn med velferd for sau på beite» deler dei ulike beiteområda inn i risikoklasser ut frå tap på beite. Her står det at der tapet i snitt over 3 år ligg over 10%, har beitet ein høg risiko. Dette er dyrevelferdsmessig ikkje akseptabelt.

Dersom det før beiteslepp er høg risiko for at det vil inntreffe ein skadesituasjon som påfører alvorleg liding for eit stort tal dyr, pliktar dyrehaldar å setja i verk tiltak for å redusere risikoen. Vi varslar difor vedtak om at du må gjera tiltak komande beitesesong for å redusere tapa til eit meir akseptabelt nivå. Dersom nye tiltak ikkje blir sett inn, eller tapa i beitesesongen 2014 held fram i same storleik som dei føregåande åra, vil Mattilsynet vurdere å gje pålegg om avgrensingar i bruk av utmarksbeite til sau i beitesesongen 2015. Dyrehaldet vil da få tid til å planleggje og gjennomføre ytterlegare risikoreducerande tiltak. Med avgrensingar meiner vi eit tidsavgrensa forbod mot å nytte tilsvarande beite som det som har vore nytta i den føregåande perioden med store tap. Mattilsynet vurderer situasjonen som alvorleg. Vi har derfor varsla vedtak om å påleggje tiltak som skal vere gjennomførte innan ein bestemt frist, for å sikre at regelverket blir følgt.

**Frist for gjennomføring vil bli sett til: 31.08.2014**

**Sjå vedlegg til tilsynsrapport.**

Med helsing

Øivind Gaden  
distriktssjef

Vedlegg:  
Vedlegg til tilsynsrapport  
Uttalelse til varsel om vedtak

## **VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT**

### **Heimel for tilsyn**

Mattilsynet har i samsvar med dyrevelferdslova § 30 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

### **Uttalerett**

Vi har i denne rapporten gitt varsel om vedtak. De har rett til å uttale dykk om innhaldet i varselet før det blir gjort vedtak. Fristen for uttale er **25.04.2014**. De har òg rett til å få rettleiing av Mattilsynet og innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 11, 18 og 19.

### **Verksemda er vurdert etter følgjande regelverk**

- FOR 2005-02-18 nr 160: Forskrift 18. feb. 2005 nr. 160 om velferd for småfe (forskrift om velferd for småfe)
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven)

### **Vi har registrert brot på følgjande krav i regelverket:**

- Forskrift om velferd for småfe § 26 Forebyggende tiltak